

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7. Fylke: Hordaland  
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Austevoll  
 Emne: Skav Bygdelag: Stolmen  
 Oppskr. av: Johan Tufteland Gard: Gåsnes  
 (adresse): S t o l m e n G.nr. 18 Br.nr. 8 og 9

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

S k a v.

Her i bygda veks det ikkje nemnande skog. Det er berre ein og annan raunen og litevetta hatl. På Stolmen er det planta nokre små felt med fure for 10 - 15 år sidan. Men ikkje noko av dette er nytta til krøterforT Til for vert nytta utanom høyet tare og lyng, ymse slag mjøl, poteter, potetlauv og halm.

1. Noko serleg namn for dette føret er det ikkje. Det hender dei kallar det hjelpefor.
2. Noko ord for skav i denne meining finst ikkje ~~her~~ her. I inste luten av heradet (Huftarøy) veks det noko fureskog. Det har dei ordet "skat". Det har ikkje noko med fôr å gjera. Greinene og baret som dei kvistar av dei nedhogde treaa, kallar dei "skatveden". Dette ordet kjem kanskje av å skava.



3. Skava bøyer ein soleis her:

Å skava - skjæv - skov el. skavde -skavt.

Substant. av verbet: ei skova, fl. skove.

Vert bruka om skove å i gryte t. d.

4. Det har ikkje vore nytta skav her i bygda.

5. ----

6. Ordet skav om treslag er ikkje nytta her.

7. Eit sovore rim er ikkje kjendt her.

-----

13. Ordet marka er ikkjekjendt her.

-----

8801